

RELÆXT OPPLEVING
**RE
LÆ
XT**
HYSJ-FRI SONE



DET
NORSKE
TEATRET

VISUELL GUIDE



Velkommen til *Pippi på sirkus* - Relæxt



INNHALD

Velkommen til oss!.....	3
Her finn du Det Norske Teatret.....	4
Når du kjem til teateret.....	5
Foajeen: Første etasje.....	6
Foajeen: Andre og tredje etasje.....	7
Relæxt teater.....	8
Moglege triggerar.....	9
Kven møter du på scenen?.....	10
Om Pippi på sirkus.....	11
Handlinga.....	12
Annan praktisk informasjon.....	15



Velkommen til oss!

I denne visuelle guiden vil vi presentere oss for deg og gi deg litt meir informasjon om Det Norske Teatret og om framsyninga *Pippi på sirkus*. Guiden viser deg korleis du finn teateret, korleis det ser ut inne i bygget, kva som skjer før og etter framsyninga. Her fortel vi også alt om sjølve framsyninga, karakterane på scenen, og eit samandrag av handlinga. Vi listar òg opp moglege triggjarar.

Pippi på sirkus varar i 1 time og 30 minutt, det er ikkje pause.


Er det noko du lurar på?

Ikkje nøl med å kontakte billettluke på tlf. 22 42 43 44 eller send ein epost til hei@detnorsketeatret.no

Vi gler oss til å ha deg på teateret og til å bli med *Pippi på sirkus*!

Beste helsing
Det Norske Teatret

DET NORSKE TEATRET Pippi på sirkus



Her finn du Det Norske Teatret

Det Norske Teatret ligg midt i Oslo sentrum, like ved Karl Johans gate og Stortinget.

Adressa er Kristian IVs gate 8.


Kollektiv transport

- Næraste trikkestopp er Tinghuset.
- Næraste T-banestasjonar er Stortinget eller Nationaltheatret.
- Næraste togstasjon er Nationaltheatret.

Parkering

Køyrer du bil, kan du parkere i Sentrum P-hus.

Det finst også HC-parkeringsplassar på andre sida av gata for teateret i Kristian IVs gate.





Når du kjem til teateret

Når du kjem til Det Norske Teatret blir du møtt av publikumsvertar ved hovudinngangen. Dei tek imot deg, svarar på spørsmål og hjelper deg med alt du lurar på.

Publikumsvertane hjelper deg heile vegen:

- Svarar på spørsmål.
- Viser deg kor du skal sitte ved behov.
- Har evakueringsansvar.
- Er på jobb for å sørge for at du får ei god oppleving.

DET NORSKE TEATRET Pippi på sirkus



Foajeen: Første etasje

Når du kjem inn frå gata, står du i første etasje i foajeen på Det Norske Teatret.

I første etasje finn du:

- **Billettluke.** Har du spørsmål om billettane dine, kan du gå til billettluke, så vil dei hjelpe deg.
- **Restaurant:** På BULE er det mogleg å kjøpe seg mat før eller etter framsyninga. Bestill bord på booking@bule.no
- **Garderobe:** Det er gratis garderobe, med knaggar og låsbare skap. Garderoben er ubetent, men blir låst under framsyninga.
- **Toalett:** Det er fleire toalett i første etasje. Det er eige toalett til dame og herre, og eit HC-toalett.
- **Ta bilde:** Du kan også ta eit foto saman med Pippi, eller sjekke om du er like sterk som verdas sterkaste jente.

Bilde 1: Det er gratis garderobe, med knaggar og låsbare skap.

Bilde 2: Du kan ta eit foto saman med Pippi.

Bilde 3: Du kan sjekke om du er like sterk som verdas sterkaste jente.



Bilde 1: Til andre og tredje etasje er det heis på begge sider av foajeen.

Bilde 2: Frå A- og B-døra er det ei lita trapp for å komme inn til salen. Det er ikkje trapp i C- og D-døra.

Bilde 3: Dørene til salen vil vere opne under framsyninga.

Foajeen: Andre og tredje etasje

Frå første etasje kan du ta trappa eller heisen opp til andre og tredje etasje i foajeen.

I andre etasje finn du:

- **Kafe/bar:** I Bikuben er det mogleg å kjøpe drikke og lett mat og snacks. Der er det stolar og bord ein kan sitte ved.
- **Relæxt-sone:** Det er eigne område i foajeen der ein kan slappe av og trekke seg litt tilbake.
- **A- og B-døra:** På billetten din står det kva dør du skal gå inn i salen på. I andre etasje finn du A- og B-døra.

I tredje etasje finn du:

- **C- og D-døra:** På billetten din står det kva dør du skal gå inn i salen på. I tredje etasje finn du C- og D-døra. Frå andre etasje kan du ta trappa eller heisen opp til tredje etasje.
- **Rullestolplassar:** Inngang til rullestolplassar er frå C-døra.
- **HC-toalett:** Ved D-døra finn du eit HC-toalett.

Bilde 1: Kor du skal sitte, står på billetten din, og det er nummer på radene, og på alle stolane i salen.

Bilde 2: Det finst sitteboksar ein kan ha i stolen for å komme litt høgare.



Relæxt teater

Under ei Relæxt framsyning er det lov både å snakke høgt, le, gråte, ticse og rope. Det einaste som ikkje er lov er å hysje på andre.

I salen før framsyninga

- Lyset i salen er på.
- Kor du skal sitte, står på billetten din, og det er nummer på radene, og på alle stolane i salen.
- Vertane kan vise deg kor du skal sitte.
- Pierre er på scenen og gjer nokre trylletriks.
- Kling og Klang går rundt i salen og passsar på at alle har det bra.
- Teatersjef Kjersti kjem inn på scenen og ønsker velkommen.

I salen under framsyninga

- Lyset i salen er dempa, men aldri slått heilt av.
- Dørene ut av salen står opne, og det er lov til å gå inn og ut av salen så ofte du vil.
- Det er fleire vertar inne i salen som kan hjelpe deg om du treng det.
- Om du treng ein pause er det fleire Relæxt-sonar i foajeen. Her er det mogleg å trekke seg tilbake.

Etter framsyninga

Etter framsyninga er ferdig vil skodespelarane komme fram på scenen og bukke.

- Du kan klappe viss du vil.
- Du kan gå ut av salen i ditt eige tempo eller bruke Relæxt-sona igjen før du går.

Moglege triggjarar

Under framsyninga er det nokre ting som kan vere litt utfordrandre for enkelte. Her kjem ei oversikt over det.

Lyd

Det kjem nokre litt høge eller skumle lydar i løpet av framsyninga. Her er oversikt over dei.

- Lyden av løvebrøl og nokre bjørnebrøl i ulike scenar.
- I ein scene kjem det eit smell, i tillegg til blinkande lys og ein liten pyro-effekt.
- Heilt på slutten kjem det eit smell frå ein kanon.

Lys og scenerøyk

Dette er lysmoment som kan vere greitt å vite om på førehand.

- Det er lyskastarar som lyser ut i salen i enkelte nummer.
- Ein gong vil lyset blinke før ein pyroeffekt.
- Det er litt scenerøyk i nokre scenar.

Anna

Nokre scenar kan opplevast litt dramatiske og skremmande. Her er oversikt over dei.

- Elvira ramlar ned frå lina.
- Ein høg påle blir vippt ned og snurrar rundt.
- Det er gjennomgåande mykje akrobatikk frå sirkusartistane.
- Det er ein bjørn med i to scenar, som tilsynelatande er farleg.
- Sirkusdirektøren er sint og kjeftar.
- I enkelte scenar er skodespelarane i trappene mellom A- og B-dørene og scenen.

Kven møter du på scenen?

DET NORSKE TEATRET
Pippi på sirkus



Pippi
Verdas sterkaste jente



Tommy og Annika
Vennene til Pippi



Prussiluskan
Vil ha Pippi på barneheim



Sirkusdirektøren
Sjefen på sirkuset



Pierre
Assistenten til sirkusdirektøren



Elvira
Dottera til sirkusdirektøren



Francois
Bjørnetemjaren



Kling og Klang
Politimenn



Carmencita
Hestejente



Miss Opsi
Puddeltrenar



Sterke Adolf
Verdas sterkaste mann



Henry og Henry
Sirkusartistar



Om Pippi på sirkus

Pippi på sirkus er ein sirkusmusikal, som betyr at det er mykje song, dans og sirkustriks på scenen.

Det handlar om Pippi, og vennene Tommy og Annika, som skal på sirkus. Men Pippi har aldri vore på sirkus før, og veit ikkje heilt korleis ein gjer det. Derfor hoppar ho opp på scenen og blir ein del av showet sjølv.

Dei du ser på scenen er skodespelarar og proffe sirkusartistar. Dei har trent veldig mykje på det dei gjer. Så sjølv om det kan sjå litt skummelt ut når sirkusartistane gjer høge hopp og svingar seg rundt i lufta, så er det heilt trygt.

Det er nokre scenar som kan vere litt skumle. Det er ein bjørn med i framsyninga. Bjørnen rømmer frå buret sitt, og går i salen der publikum sit. Det kan vere litt skummelt. Men det er ein skodespelar som spelar bjørnen. Dessutan viser det seg at bjørnen eigentleg berre er snill.

Mot slutten av framsyninga blir sirkusdirektøren skoten ut av ein kanon. Men det er også heilt trygt.

På dei neste tre sidene går vi gjennom handlinga bilde for bilde - så ser du kva som skjer frå start til slutt.

Handlinga

DET NORSKE TEATRET Pippi på sirkus



1. Pippi, Tommy og Annika går på sirkus. Pippi har aldri vore på "sirkus" før, og vil gjerne vere med i showet.



2. Kling og Klang er politi, og dei passar på at alt går rett for seg.



3. Prussiluskan leiter etter Pippi. Ho vil at Pippi skal flytte på barneheim.



4. Pierre er sirkusdirektørens assistent. Han er god til å trylle. Men han må få fiksa den store kanonen som er kaputt!



5. Sirkusdirektøren ønskjer alle velkommen. Men ho likar ikkje at Pippi blandar seg inn i sirkuset hennar.



6. Sterke Adolf er verdas sterkaste mann. Han imponerar alle med musklane sine.



7. Klang testar om vektene til Sterke Adolf er tunge på ekte. Og det er dei! Han får ikkje til å løfte vektene.




8. Men Pippi er verdas sterkaste jente. Ho er så sterk at ho løftar Sterke Adolf over hovudet!




9. Miss Oopsi har eit shownummer med masse søte pudlar på scenen.



10. Tommy elsker hundar, og ønskjer veldig at han hadde ein sjølv.



11. Hundane gjer masse imponerane triks og viser seg fram på sirkuset.



12. Pippi vil vere med! Ho klatrar opp i toppen av stonga og syng om kvifor ho heiter Pippilotta.

Handlinga

DET NORSKE TEATRET Pippi på sirkus



13. Francois er bjørnetemjar. Han har ein skummel bjørn som heiter Gutta-Perka.




14. Gutta-Perka sit i eit bur. Pippi synest ikkje at dyr skal sitte i bur.



15. Carmencita er ei hestejente og har eit sirkusnummer med hestar.



16. Hestane flyg gjennom lufta, og Carmencita balanserer på dei.



17. Og ho gjer imponerende triks.



18. Annika er hestejente, akkurat som Carmencita. Ho ønsjer seg ein ponni og masar på mamma om å få ein.



19. Pippi er også glad i hestar, og blir med i sirkusnummeret. Det likar ikkje sirkusdirektøren.



20. Men så oppdagar direktøren at Pippi har ei veske full av gullmyntar! Den vil ho ha!



21. Etter sirkuset er direktøren sur på sirkusartistane bak scenen. Dei tener ikkje nok pengar, og ho kjeftar på dei.



22. Sirkusdirektøren drøymmer om å bli rik, og ta med dottera Elvira til Las Vegas. Elvira er linedansar i sirkuset.



23. Pippi snik seg inn bak scenen og møter alle sirkusartistane.



24. Prussiluskan, Kling og Klang kjem for å hente Pippi og ta henne med til barneheimen.

Handlinga

DET NORSKE TEATRET Pippi på sirkus



25. Sirkusdirektøren seier at Pippi kan bu på sirkuset, at ho kan vere som ei mor for henne. Det er ein god ide, tenkjer Prussiluskan.



26. Pippi bestemmer seg for å sove ei natt på sirkuset, og får låne ei hengekøye av Sterke Adolf.



27. Mens Pippi søv, stel direktøren veska med gullmyntene. Endeleg kan ho og Elvira reise til Las Vegas!



28. Men Elvira er ikkje lykkeleg. Ho vil ikkje vere linedansar. Ho vil vere sterk og fri, akkurat som Pippi.



29. Neste morgon oppdagar Pippi at veska med gullmyntane er borte. Kven har tatt ho?



30. Dessutan er sirkusdirektøren også borte!




31. Kling og Klang kjem når dei høyrer at veska og direktøren er forsvunne.



32. Alle saman leiter etter sirkusdirektøren og veska til Pippi.



33. Elivra seier til mora si at ho ikkje vil vere med til Las Vegas. Og ho vil ikkje vere linedansar lenger heller.



34. Bjørnen rømmer frå buret sitt. Sirkusdirektøren gøymmer seg i den store kanonen.



35. Heldigvis viser det seg at bjørnen berre er snill. Direktøren blir skoten ut av kanonen som Pierre har fiksa.



36. Pippi får tilbake veska si. Og Pierre blir ny sirkusdirektør!

Annan praktisk informasjon

Pippi på sirkus speler på Hovudscenen på Det Norske Teatret. Den varar i om lag 1 time og 30 minutt utan pause.

Rullestol

På Hovudscenen har vi plass til to rullestolbrukarar. Du må nytte heis for å komme til Hovudscenen, men det er trappefri tilgjenge til rad 15 inne i salen der rullestolplassane er. Billettar til rullestolbrukar må ein bestille på førehand på telefon, direkte i billettluke eller ved å sende ein e-post til hei@detnorsketeatret.no

Garderobe

Hovudscenen har gratis, ubetent garderobe med låsbare skap i foajéen i første høgda. Skapa er: 54 cm djupe, 43 cm høge og 37 cm breie. Garderoben blir låst under framsyningane.

Servering

I restauranten BULE er det mogleg å kjøpe seg mat før eller etter framsyninga. Baren er open før framsyninga. Der kan du kjøpe drikke og snacks. Det er lov å ta med seg drikke i plastbeger inn i salen.

IR-anlegg

Det Norske Teatret har IR-anlegg for dei med nedsett høyrsel. IR-mottakarane har høyretelefonar eller halsslynge tilkobla ein 3,5 mm lydkontakt, og kan derfor bli brukt av personar som ikkje bruker høyreapparat med telespole, men også av dei som gjer det. For best lydoppleving ved bruk av IR på Hovudscenen, anbefalar vi å sitte frå rad 5 og bakover. Du kan låne ein mottakar med høyretelefonar eller halsslynge hos oss når du kjem i teateret. Merk at vi har avgrensa tal på sendarar til utlån. Ta kontakt med publikumsværtane våre i foajéen.

Har du spørsmål?

Ikkje nøl med å kontakte oss om du har spørsmål. Før besøket kan du ringe billettluke på tlf. 22 42 43 44 eller sende ein epost til hei@detnorsketeatret.no. Når du er på teateret kan du kontakte vertskapet, eller gå i billettluke, så hjelper vi deg.